



Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA
v/Arve Aarhus
Postboks 185
6801 Førde

Dato: 06.06.2014
Vår ref.: 2014/204-18
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

TILSKOT TIL VILTFORMÅL 2014

Tilsegn inntil kr 300 000 til prosjektet "Forvaltning av hjortebestand 2014"

Vi viser til søknaden dykkar, datert 15.01.2014, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til prosjektet.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte akseptskjema innan 3 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføre tiltaket som planlagt.

Tilsegna gjeld til 31.12.2015.

Tilskotsmidlane har opphav i løyving over statsbudsjettet, kap. 1425 post 71 – *Tilskot til viltformål*. Regelverket for tilskotsposten er reflektert i Klima- og Miljødepartementet sitt rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Fylkeskommunen fekk overført tilskotsmidlar frå Miljødirektoratet i brev datert 12.03.2014, og gjorde vedtak om fordeling av tilskot til viltformål 2014 på møtet i Kultur- og ressursutvalet 13.05.2014, sak PS 63/2014. I saka er søknadane vurdert i forhold til målsetjingar i viltforvaltninga.

1. Prosjektgrunnlag

Bakgrunn

Vi legg til grunn søknaden, med vedlagt prosjektbeskriving 2013-2017 og kostnads- og finansieringsplan, lagt inn i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet, med referansenummer 14S7E639, (vår referanse 2014/204-14). Følgjande opplysningar er henta frå søknaden:

Prosjekt mål (jf. prosjektbeskriving)

Hovudmål:

- Etablere bestandsforvaltning av hjort på Vestlandet.

Delmål:

- Kartfeste bestandsområde.
- Etablere felles forvaltning innan bestandsområda, medrekna organisering, oppstart og drift.
- Etablere rutinar for analyse og vurdering av bestandsforhold for kvart bestandsplanområde.

Aktiviteter/framdriftsplan:

1. Prosess for å definere/kartfeste bestandsområde for hjort.
2. Etablere nye bestandsplanområde/vald med struktur, arbeidsmåtar og innhald.

Prosjektleder i samråd med rådgjevsgruppe og kommunar prioriterer og gjennomfører tiltak i prosjektet.

Organisering

- ◇ Prosjektansvarleg/prosjektleder/tilsegnsmottakar: Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA (Org. nr. 989050605).
- ◇ Prosjektleder: Arve Aarhus (SfSkog).
- ◇ Rådgjevsgrupper: Rådgjevsgruppe Hordaland: Prosjektleder, representant frå fylkeskommunen (1) og representantar frå kommunane (minst 3).

Samarbeidspartnarar:

Prosjektet vert gjennomført i tett samhandling med relevante aktørar i hjorteforvaltninga – grunneigarar, kommunane, fylkeskommunen, Miljødirektoratet, samt relevante fagmiljø - Norsk Hjortesenter, NINA, Bioforsk, UiO og/eller andre.

Forankring

Bestandsforvaltning skal vere hovudregelen ved forvaltning av hjort og elg, jf. rundskriv (februar 2012) til forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever. Vi er langt frå at dette er hovudregelen i Hordaland. Etter forskrifta (§ 17) skal også kommunane bidra til regional, bestandsretta forvaltning ved godkjenning av vald, bestandsplanområder og ved andre former for samarbeid. Prosjektet dekkjer ikkje dei vanlege driftsoppgåvene i viltforvaltninga i kommunar og fylke.

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan**Godkjende kostnader (jf. søknad 2014/delprosjekt Hordaland, jf. prosjektbeskriving 2013-17)**

Prosjektløn (ca 1140 timar x 690 kr)	kr	785 000
Rådgivingsmøter	kr	90 000
Nettsider og informasjon	kr	20 000
Reisekostnader (kjøring)	kr	100 000
Diverse utlegg	kr	30 000
Sum	kr	1 025 000

Godkjend finansieringsplan (jf. søknad 2014/delprosjekt Hordaland, jf. prosjektbeskriving 2013-17)

Kommunar i Hordaland (33 stk x 20 000 kr)	kr	660 000
Hordaland fylkeskommune 2014, budsjettområde 160.404	kr	300 000
Anna offentleg tilskot	kr	65 000
Sum	kr	1 025 000

3. Vilkår for tilskotet

- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektbeskriving. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller kravd betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsnittar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Delutbetaling

- Tilsegnsnittar kan oppmode om delutbetaling. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader.
- Delutbetaling vil bli gjort i høve til akkumulerte kostnader, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 300 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

Rapportering

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsnittaren sende sluttrapport til fylkeskommunen.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:

<ul style="list-style-type: none"> ◇ Bakgrunn for prosjektet ◇ Mål med prosjektet ◇ Oppnådde resultat ◇ Vurdering mot oppsette mål 	<ul style="list-style-type: none"> ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.) ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet
--	---

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Tilsegnsnittar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttrekneskapsskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.
- Revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med kr 100 000,-.

Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.
- Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10.

Klage / Innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er Jomar Ragnhildstveit, jomar.ragnhildstveit@hfk.no, telefon 55239308.

Fylkeskommunen ønsker lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Gudrun Mathisen
leiar

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttrekneskapsskjema

Uprenta vedlegg: Saksframlegg og vedtak i Kultur- og ressursutvalet 13.05.2014, sak PS 63/ 2014, kan sjåast via lenkja: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1515>

Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.

AKSEPTSKJEMA

Tilskot til viltformål 2014

Prosjektnamn: Forvaltning av hjortebestand 2014
Tilskot inntil kr: 300 000
Tilskotet gjeld til: 31.12.2015

Tilsegnsnr: 2014/204-18
Vår ref. 2014/204-18

Fyllast ut av tilsegns­mottakar:

Tilsegns­mottakar: _____
Postadresse: _____
Kontaktperson: _____
Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____
Org. nr. _____ Kto.nr.bank/post _____

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Stad:..... Dato:.....

Signatur:.....
Prosjektansvarleg

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

Tilskot til viltformål 2014

Prosjektnamn: Forvaltning av hjortebestand 2014

Tilsegningsnr: 2014/204-18

Tilskot inntil kr: 300 000

Tilskotet gjeld til: 31.12.2015

Vår ref. 2014/204-18

Fyllast ut av tilseingsmottakar:

Org. nr. _____ Kto.nr.bank/post _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapan under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.3 i tilseingsbrevet).

Godkjende kostnader:			Godkjend finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Hordaland fylkeskommune		

Godkjent av prosjektleiar:

_____ dato

_____ signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg:

_____ dato

_____ signatur og stempel

ATTESTASJON AV REVISOR.**GJELD BERRE FOR TILSEGN FRÅ OG MED KR 100 000,-.**

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapan.

Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilseingsnytar ei forvissing om at inntektene/finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/prosjektrekneskap.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapan for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor:

_____ dato

_____ signatur og stempel

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen